

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 144, FA - C20	16/844

Saknr	Utval	Type	Dato
107/2016	Formannskapet	PS	08.11.2016

Oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune startar i medhald av plan- og bygningslova § 11-12 opp arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for perioden 2017-24.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har ein plan for idrett og fysisk aktivitet som i utgangspunktet galdt perioden 2011-14. I påvente av ny plan har perioden for den gjeldande planen blitt forlenga til 2015 og 2016. I planstrategien som vart vedteken i kommunestyret 28.9.2016, er det sagt at arbeidet med ny plan skal starta opp våren 2016. Rådmannen ynskjer no å setja arbeidet i gang. Det er nødvendig at formannskapet gjer eit formelt vedtak om oppstart av arbeidet.

Fakta/ Vurdering

Rådmannen vil no starta opp arbeidet med ny plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Planen skal utarbeidast i samsvar med reglane gjevne i Plan- og bygningslova. Folkehelse vil vera eit viktig punkt i planen. Planen bør ha ein tidshorisont på minimum 8 år i tillegg til ein handlingsplan som vert 4-årig, og som i tillegg skal rellerast årleg, jf. Plan- og bygningslova § 11-2, 3. ledd.

Ein ny plan må ta føre seg dei ulike idrettsanlegga ein har i kommunen, sjå på bruken av dei og den fysiske tilstanden dei er i. Alle anlegg det er aktuelt å søkja spelemidlar til, anten det no er nybygg eller rehabilitering, må inn i planen.

Rådmannen meiner det bør setjast ned ei administrativ arbeidsgruppe som går gjennom gjeldande plan med tanke på kva erfaringar ein har gjort seg med planen, kor langt ein er komen med å oppfylle måla i planen, og kva nye anlegg og satsingar ein ser føre seg i planperioden (8 år) og i handlingsplanen (4 år). Arbeidsgruppa hentar inn synspunkt frå det administrative og politiske miljøet i kommunen og frå idrettsrådet for å setja saman ei oversikt over utviklingstrekk og utfordringar ein no står over for. Med dette som bakgrunn kan administrasjonen laga eit framlegg til ny kommunedelplan. Utkastet blir så sendt ut på ei brei høyring før det vert utarbeidd eit endeleg plandokument som må slutthandsamast i kommunestyret.

Nedunder er framlegg til framdrift for planarbeidet vist:

Tidspunkt	Aktivitetar
8. november 2016 November – desember 2016	Vedtak om oppstart i formannskapet Kunngjering om oppstart, innspel
Desember – januar 2017	Arbeidsgruppa lagar utkast
Februar 2017 Mars 2017	Folkemøter om planutkast Framlegg til plan lagt ut til offentleg ettersyn
Juni 2017	Endeleg vedtak i kommunestyret

Konklusjon

Rådmannen rår til at formannskapet gjer vedtak om å starta opp arbeid med ny kommunedelplan for perioden 2017 – 2024.

Formannskapet - 107/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande tilleggspunkt:

Idrettsrådet er representert med ein representant i arbeidsgruppa.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune startar i medhald av plan- og bygningslova § 11-12 opp arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for perioden 2017-24. Idrettsrådet er representert med ein representant i arbeidsgruppa.